

**Protokoll:** Årsmøte i Seniornett Førde 16. februar 2017

**Møtestad:** Brunosten

## SAKSLISTE

### **Sak 0: Opning av årsmøtet 2017 ved leiar Per Sverre Kvammen**

Leiaren ønskte velkommen til møtet. 21 frammøtte

### **Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Ingen merknader

### **Sak 2: Val av møteleiar**

Magnus Hope vart vald

### **Sak 3: Val av skrivar**

Egil Nestande vart vald

### **Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar**

Magnus Kapstad og Rønnaug Bolset vart vald

### **Sak 5: Styrets Årsmelding for 2016**

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga. Det kom ingen vesentlege merknader og årsmeldinga vart godkjent.

### **Sak 6: Rekneskap og revisjonsmelding**

Rekneskapet viser eit underskot på kr 2 900,20. Bokført kapital (bankinnskot) er kr 43 008,50. Rekneskapet vart einstemmig godkjent. Møteleiaren las opp meldinga frå revisoren Hildegunn Nore.

### **Sak 7: Arbeids-/aktivitetsplan for 2017**

Monrad og Egil orienterte om revidert program for vårsemesteret og nokre tankar om opplegget for haustsemesteret, sjå under. Fleire kom med ulike kommentarar. Det skisserte opplegget for haustsemesteret fekk tilslutning.

#### **Nokre moment i høve haustsemesteret 2017**

##### **Gruppeinndeling:**

- > 20 (nye) nybegynnarar gir totalt 90-100 deltakarar
- > betyr (minst) 6 grupper a 15-18 deltakarar
- > alternativt må like mange veteranar ut som nye inn
- > deltakarar med likt kunnskapsnivå i kvar gruppe

##### **Tema:**

- > arbeide med færre tema (både samla og i kvar økt)
- > meir vekt på å halde PC'en i orden (oppdatering, virus-skanning, rydde i filer og mapper, slette/avinstallere unødvendige program, m.m.)
- > smart-telefon eller PC (?) smart-telefon blir viktigare
- > ikkje berre repetisjon – og repetisjon av repetisjonen. Vidarekomne (som vil) bør komme vidare og lære nytt (eks. Excel, PowerPoint, oppsett av e-post, tilpasse skrivar)

### Sak 8: Fastsetje lokal kontingent Seniornett Førde for 2017

Forslag frå styret: kr. 350,00 Vedtak: Einstemmig godkjent

### Sak 9: Budsjett for 2017

Til budsjettet som var oppsett kom det ein del merknader, mellom anna er det noko usikkert om vi må betale husleige for bruk av lokala i Brunosten. Det kom ingen forslag til endringar. Budsjettet for 2017 vart einstemmig vedtatt, og ser slik ut:

	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	kr 26 000,00	
Programpakker (Office-pakker)	kr 5 500,00	
Kaffipengar	kr 15 000,00	
Tilskot	kr 22 000,00	
Finansinntekter (renter)	kr 20,00	
Godtgjersle til instruktørar for utlegg		kr 25 000,00
Servering		kr 10 000,00
Utstyr		kr 10 000,00
Annonser, porto		kr 2 200,00
Godtgjersle til tillitsvalde		kr 1 200,00
Reiseutgifter		kr 10 000,00
Andre utgifter		kr 10 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		kr 120,00
Resultat	0	0
<b>Sum</b>	<b>kr 68 520,00</b>	<b>kr 68 520,00</b>


### Sak 10: Val


<b>Styrelieiar:</b>	Gunnstein Kvåle	ny 1 år
<b>Styremedlemmer:</b>	Borgny England Slagstad	ny 2 år
	Marloes Vos	ikkje på val (eitt år igjen)
<b>Varamedlem:</b>	Hildur Hafstad Smådal	attval for 1 år
<b>Revisor:</b>	Per Sverre Kvammen	vald for 1 år
<b>Valnemd:</b>	Kolbjørn Bergseth	vald for 1år leiar (attval)
	Jorunn Helene Johansen	vald for 2 år
	Aud Andreassen	ikkje på val (eitt år igjen)
<b>Varamedlem:</b>	Åse Kjærland	ny (2 år)


Alle val vart gjort einstemmig.

NB! Utsendingar til landsmøtet i Seniornett Norge vart ikkje vald. Den nye leiaren Gunnstein Kvåle og Egil Nestande er aktuelle kandidatar.

Marloes Vos gav blomster som takk til utgåande leiar Per Sverre Kvammen. Den nye leiaren takka for tilliten, lovte å gjera sitt beste, og spesielt arbeide for å få eit betre lokale til fellessamlingane våre.

  
Egil Nestande (referent)

  
Rønnaug Bolset

  
Magnus Kapstad